

MØTEREFERAT

15 januar 2019 Tid: Kl 09.30 – 14.00

Stad: Stort møterom 3 etg. sentralblokka

Til stades:

Hjørdis Dahle

Anita Sæløen Hop

Dag Einar Liland

Inger Lingjerde

Inge Aareskiold Fiskvik

Hans Fevang

Gifty Ama Nordbø

Christine Lønne

Gunnar Langlo

Linda Haugland

Reidun T. Rinde

Forfall

Gudeta Bayissa

Referent Magne Høgelid

Saksliste

Møte i Brukarutvalet i Helse Bergen

Tirsdag 15 januar 2019 – nr.1 – 2019 kl 09.30- 14.00

Stad: Stort møterom 3 etg. Sentralblokken

Saksliste

Sak 01/19 Konstituering med val av leiar, nestleiar og arbeidsutval

Inge Fiskvik, Hjørdis Dahle og Dag Einar Liland vart gjenvalde som leiar, nestleiar og medlem av arbeidsutval

Sak 02/19 Godkjenning av innkalling og saksliste for Brukarutvalet i Helse Bergen

Godkjent

Sak 03/19 Godkjenning av referat frå møte 17.12.18

Godkjent

Sak 04/19 Nye prosjekt med førespurnad om brukarmedverknad

- Voss kvalitets og pasientsikkerheitsutval

Konklusjonen frå møte i desember 2018 vert ståande. Dag Einar Liland og Ida Carlsen Eide representerer brukarane i kvalitets og pasientsikkerheits utvalet.

- KK_OU prosjekt v/ Martha Vadset

Gifty Nordbø og Reidun Rinde representerer Brukarutvalet.

Leiar melder tilbake til prosjektleiar

Sak 05/19 Oppdatering av prosjektoversikt, endringar som følgje av nytt utval. Utvalet byrja på ein gjennomgang av prosjektoversikt som vil bli slutført på neste møte.

Sak 06/19 Kl. 12.00-13.00 Aktuelle saker i Helse Bergen v/Randi-Luise Møgster og Clara Gram Gjesdal

- Handlingsplan om hendinga ved akuttmottaket. Dette var hovudsaka frå leiinga på dette møtet. Handlingsplanen består både av tiltak spesielt grunngeve i den aktuelle hendinga og tiltak som var under planlegging før hendinga. Det er ei rekke ulike tiltak som er under planlegging og iverksetting(strakstiltak). Frist for tilbakemelding til fylkeslegen er 15 februar. Handlingsplanen vil bli lagt ved referatet. Leiinga ba Brukarutvalet ta stilling til kven som skal delta frå Brukarutvalet i arbeidet med handlingsplanen. Det er etablert prosjektgruppe, styringsgruppe og referansegruppe.

Brukarutvalet melder inn:

Til styringsgruppa: Linda Haugland og Hjørdis Dahle

Til referansegruppa: Inger Lingjerde og Dag Einar Liland. Desse fire avgjer kven som skal være vara ved ev. forfall.

Sak 07/19 Frå/til utvalet

Fellesmøte for brukarane i Helse Vest 13 mars, alle faste deltar . Sekretariatet melder Helse Vest.

Leiar orienterte om at FFO Hordaland inviterer til dialogsamlingar mellom brukarrepresentantar i spesialisthelseteneste, kommune m.v. FFO Hordaland sine møtelokale. Møte 31. januar kl 18.00, 13. mars, 27 mai. Det er eit frivillig tilbod

Møteplan for BU er utarbeidd med utvalgte tema i tillegg til faste punkter. Brukarutvalet kan endre dette ved behov/ønskje.

Februar, pasientreise, mars samhandling eksternt, april Augeavdelinga, mai rehab/hab. tenesta- møte på Nordås. Andre aktuelle tema. Kreft, nevro, ledsager/frivillig, Voss, FOU, Vestlandsløftet, min journal, personvern

Sak 08 /19 Eventuelt

Ingen saker